

MØTEREFERAT NYSÆTER SOKNERÅD

Råd:	Nysæter sokneråd
Tid:	Tysdag 4. januar 2024 kl. 19.00 - 21.00
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Opning:	Bjarne
Kaffi og kjeks:	Reidun

" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "

Tilstades: Tormod Stautland, Ida Elin H. Tvedt, Sigrid T. Langøy, Bjarne Petterteig, Guro Betten, Marit M. Romfog, Roald Sangolt, Ingebjørg R. Grønsdal, Fridleif Lydersen (sokneprest), Reidun Andersen (sakshandsamar).

Forfall: Heine Kaldefoss, Wenche Midttun.

SAKLISTE

2024/1 - 012.1 **Godkjenning av innkalling og sakliste.**
Vedtak: Godkjent.

2024/2 - 012.1 **Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 5.12.2023**
Vedtak: Godkjent.

2024/3 – 120 **Økonomisituasjonen i Stord kyrkjelege fellesråd og konsekvensar for Nysæter sokn**

Saksutgreiing:

Stord kyrkjelege fellesråd handsama driftsbudsjett for 2024 i sitt møte 14. desember. Stord kommune har vedteke eit budsjett som medfører eit rammetilskot til kyrkja på ca 9,6 million kroner. Dette er ca 700 000 kr lågare enn tilskotet i 2023, og ca 2,1 millionar lågare enn tilskotet Stord Kyrkjelege Fellesråd ba om i innspel til budsjettet. Reduksjonen i tilskotet fører til eit stort driftsunderskot i fellesrådet (ca 1,6 million i underskot). Budsjettforslaget frå administrasjonen inneheld sparetiltak på ca 600 000kr og dekning frå ubunde fond (tidlegare oppsparte midlar) på knapt 1 million kroner. Fellesrådet har for tida ubunde fondsmidlar på ca 3,5 million kroner.

Fellesrådet vedtok ikkje budsjettet, men gjorde eit delvis vedtak og utsette vidare handsaming til eit ekstraordinært møte 10. januar 2024. Det delvise vedtaket inneber at temperaturen i Stord Kyrkje vert redusert (til 10-12 grader) frå 1. januar 2024.

Drøftinga i soknerådet vert lagt opp med tre hovuddelar:

1. Informasjon om situasjonen og moglegheit til å stille spørsmål
2. Drøfte dei aktuelle tiltaka og kva konsekvens dei vil ha for oss og medlemmene i soknet
3. Bli enige om kommentarar til tiltakene som me vil gje som tilbakemelding til fellesrådet. AU har skive ned sine kommentarar og me jobber ut i fra dei.

MØTEREFERAT NYSÆTER SOKNERÅD

Vedtaka i punkta under gjeld slik situasjonen er førespeila no.

Forslaget fra Stord kyrkjelege fellesråd i fire punkter.

1: Senke temperaturen i Stord kyrkje den kaldaste perioden

1.januar - påske + 1. oktober til jul. Senke temperaturen til 10-12 grader og ikkje ha reinhald. Alle gravferder blir i Nysæter. Felles gudstjenester. Trusopplæringstiltak, konfirmantundervisning o.a. blir i Nysæter og i Kyrkjestova.

Vedtak:

Nysæter sokneråd er i utgangspunktet villige til å dele på Nysæter kyrkje i 2024. Me ønsker i tilfelle at tiltakene som vert vald er samlene for dei to sokna.

Me ønsker at det skal bli satt opp eigne dåpsgudstjenester søndag kl 13.00, og/eller lørdager for å ta unna dåp frå begge sokna på ein grei måte.

Me ønsker at pårørende til gravferder får sjølv velge om dei vil ha gravferd i ein kald Stordkyrkje eller i Nysæter kyrkje, særlig dersom Stord sokneråd vil velge å ha gudstjenester i kald kyrkje. Soknerådet ynskjer i så fall at det vert oppretta eit felles gudstenesteutval i denne perioden.

Soknerådet ønsker at fellesrådet vurderer ein gong til om det er nødvendig å senke varmen i Stord kyrkje.

2: Ikkje tilsette sommarhjelp på gravplassane i 2024

Vedlikehaldet av grøntannlegget vert lågare. Plenane vert ikkje klypt særlig ofte.

Vedtak:

Soknerådet støttar tiltaket for 2024.

3: Ikkje leige inn organistvikarar på dei faste sine frihelger

Det er ein kantor og ein kyrkjemusiker som er tilsett i fellesrådet. Dei har fri kvar fjerde helg.

Vedtak:

Soknerådet ønsker at dette vert løyst ved at det vert lagt opp til fellesgudstjenester og kveldsgudstjenester slik at det vert musikk på alle gudstjenester i 2024.

4: Redusera budsjett til kurs og videreutvikling

DØGNET vil bli i Nysæter kyrkje og ikkje på hotell i Haugesund. Dei fleste tilsette vil ikkje kunne reise på kurs i 2024.

Vedtak:

Soknerådet støttar dette for 2024.

Til orientering:

Inntening:

Fellesrådet vil sette opp prisen på oppsetting av gravminner.

Dei forventer høgare festeinntekter i 2024.

Soknerådet har teke dette til etterretning.

MØTEREFERAT NYSÆTER SOKNERÅD

Neste møte i Nysæter kyrkje vert torsdag 22. februar kl. 19.00 i Nysæter kyrkje.
Opning: Heine.

Sigrid Theodorsen Langøy
soknerådsleiar
sign.

Reidun Andersen,
sakshandsamar
sign.